

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval	17/14	19.03.2014
Plan, miljø og teknisk utval		30.04.2014

Søknad om deling av driftseining- Åsheim gnr. 50, bnr. 1, 2 og 11.**Saksdokument:**

Vedlegg:

- 1 Søknad om deling av landbrukseigedomen Aasheim og Sundbø - Trygve Aasan

Bakgrunn

Trygve Aasan fekk i 2005 konsesjon på eigedomen Åsheim gnr. 50, bnr. 1, 2 og 11. Han eigde frå før Sundbø gnr. 63, bnr. 9, samt ein del av sameige Kråkerøe gnr. 137, bnr. 4.

Planutvalet fatta følgjande vedtak i sak 086/05:

"Seljord kommune godkjenner søknad om konsesjon på følgjande vilkår:

- *Den kjøpte eigedomen blir ein del av driftseininga Sundbø gnr 63, bnr. 8.*
- *Søkaren må drive dyrka jorda i minst 5 år etter overdraging.*
- *Kommunen pålegg fast busetnad på Åsheim i 5 år"*

Trygve Aasan har etter det administrasjon kjenner til oppfylt vilkåra som vart sett til konsesjonen. Han søker nå å dele frå Åsheim gnr. 50, bnr. 1, 2 og 11 frå resten av driftseininga si. Bakgrunnen for søknaden er eit ønske om å overdra Åsheim til sonen Torje, som har budd på Åsheim i 3 år, og som nå bygger nytt våningshus på eigedomen.

Totalt består driftseininga av følgjande eigedomar og areal i daa:

Eigedom	Fulldyrka	Overflatedyrka	Innmarksbeite	Produktiv skog
Sundbø gnr. 63 ,bnr. 8	123,6	0	0	885,0
Åsheim gnr. 50, bnr. 1, 2, og 11	59,6	6,2	5,5	923,5
Kråkerøe gnr. 137, bnr. 4	0	0	33,0	612,0
Rinde Skog gnr. 137, bnr. 2	5,6	0	0	234,0
Sum	188,8	6,2	38,5	2654,5

Landbruksdrifta består av mjølkeproduksjon på Sundbø og støylsdrift på Kråkerøe.

Avstanden mellom gardane Åsheim og Sundbø er 12 km. På Kråkerøe og Rinde skog er det ikkje bustadhus.

Vurdering

Jordlova § 12, tredje ledd seier:

..."Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busettinga i området"...

Tenleg og variert bruksstruktur

Åsheim er ein gard med produktive arealressursar som er over gjennomsnittet i Seljord. Eigedomen eignar seg svært godt til busetting.

Omsynet til vern av arealressursane

Ei frådelling fører ikkje til noko endring i arealbruken på Åsheim. Jordbruksareala skal etter planen drivast vidare av Trygve Aasan. Rådmannen vurderer at det bør vere enkelt å leige vekk areal til andre dersom det i framtida skulle vere behov for det.

Driftsmessig god løysing

Jf. rundskriv M-1/2013 inneber ei driftsmessig god løysing at driftseiningane bør vere samla med korte avstandar. Det er også ei driftsmessig god løysing at driftsapparatet (driftsbygningar) kan utnyttast på ein god måte.

Avstanden mellom gardane Åsheim og Sundbø er 12 km, og det er såpass langt at det i liten grad er snakk om nokon rasjonaliseringsgevinst.

Driftsbygningen på Åsheim eignar seg ikkje for moderne husdyrproduksjon og har ikkje vore i bruk på mange år. Det er difor vanskeleg å sjå at samanslåinga har ført til nokon kostnadsreduksjon eller rasjonalisering av drifta som heilhet. Tvert i mot er det ein kostnad med fleire gamle bygningar som må vedlikehaldas og som det er vanskeleg å få inntekter på. Ei frådelling jf. søknad vil difor neppe svekke den gjenverande driftseininga nemneverdig etter rådmannens vurdering.

Driftsmessig eller miljømessige ulemper for landbruket i området

Ei frådelling jf. søknad vil ikkje føre til verken driftsmessige eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Samla vurdering

Etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at det vert gjeve løyve til deling som omsøkt. Ved vurderinga har rådmannen lagt særleg vekt på følgjande:

- Avstanden mellom gardane Åsheim og Sundbø er 12 km.
- Driftsbygningen på Åsheim er ikkje ein del av produksjonsapparatet i driftseininga.
- Det er nytt våningshus på eigedomen under oppføring og det vil sikre busetnad på eigedomen.
- Areal på Åsheim skal fortsatt nyttast til landbruksproduksjon.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår utvalet til å gjere følgjande vedtak:

Plan, miljø og teknisk utval godkjenner søknad om å dele Åsheim gnr. 50, bnr. 1, 2 og 11 frå noverande driftseining. Vedtaket er grunngeve utfrå ei heilskapeleg vurdering av omsyna knytt til tenleg og variert bruksstruktur, vern av arealressursane, driftsmessig god løysing og driftsmessige eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova § 12.

Utskrift til: